

Styremøte Hedmark Sau og Geit Skaslien Gjestegiveri, Grue 26.02.2015 kl. 1900

Tilstades: Ole Jakob Akre, Martin Mostue, Ola Dagfinn Gløtvold, Charlotte Ryen, Kjell Eierholen, Ulf Skårholen, Eva Linn Hove Bergset(sekretær)

1. Arbeidsplan 2015
Einstemmig vedtatt etter små endringar på tidspunkt for gjennomføring.
2. Gamle fordringar i rekneskapen
Uteståande 22635 kr sidan 2007 frå to lokallag (Åmødt og Os). Sendt ut purring med faktura i 2010. Det er ikkje mogeleg å finne att fakturane eller kva dei gjeld. Faktura blir foreldra etter 3 år. Einstemmig vedtatt at dei uteståande fordringane slettast.
3. Budsjett
Einstemmig vedtatt med nokre små endringar. Budsjettet balanserar.
4. Revisjonsrapport.
Einstemmig godkjend.
Vedlegg til rekneskapen frå rekneskapsfører er i årsmeldinga lagd ved i elektronisk form. Ulf har vedlegget med underskrift.
5. Rekneskap gjetarhundlaget
Stor auke i kontingentinntekter frå 2014 til 2015 (9000 vs 3000). Dette er truleg eit etterslep. Skal sendast ut medlemskontingent innan 1 mars.
6. Gjennomgang av årsmelding
 - a. S. 13: Graf viser høgre dokumentasjonsgrad enn erstatning for rovdyr tap. Årsak er at dokumentert skade og inkluderar andre årsakar enn dei som vert erstatta t.d hundedyr. Inkluderar og truleg ikkje-dokumenterte tilfeller.
 - b. Gjennomgang av beitestatistikken. Statistikken er litt misvisande, men er einaste offentlege statistikk. Må søke produksjonstilskot for å kome med i statistikken. Ein del produsentar dett utanfor pga. dei er uorganisert. Beitelaga må og søke om middlar om organisert beitebruk for å kome med i statistikken. Statistikken er kun eigna til å sjå på tapstrend.
 - c. Alle einige om årsmeldinga.
7. Innstilling frå valgkomiteen.
8. Beitekonferanse 10 mars. Frist 27.02.2015. Melder på 2 frå HSG.
9. Høyring ang. satsar for gjennomføring av førebyggjande tiltak mot rovviltskadar i 2015. Frist 10 mars. Avventar behandling.
10. Jordbruksforhandlingane: Uttalelse er innsendt.
11. Inkomne saker til årsmøtet:
 - Folldal og Ringsaker har fremma likelydande sak ang. redusert erstatning ved tap av rovdyr.
 - Saka er fulgt opp av styret. Brev sendt NSG 20.01.2015. Saka ligg no hos NSG til vurdering og oppfølging. Avventar tilbakemelding.
 - Vidare oppfølging av saka frå styret: nedsette ein resolusjonskomite på 3 personar etter årsmøtet. Sende sak til landsmøtet.
12. Bukketrofesvinnarane er ikkje spesielt invitert til årsmøtet. Dette bør gjerast neste år.

13. Geiteavlslaget. Charlotte har undersøkt litt rundt geiteavlslaget. Geiteavlslaget vart nedlagt 01.01.2009. Referat frå styremøte 05.03.2009: Bukkering vedtas nedlagt og de midler som tilhører bør forbeholdes geiteholdet. Regnskap egen hovedbok konto.
Årsrekneskap 2012. Kåring av bukkekje kr: 11812,40. Geitekonto: 1895.08.20515 kr 17439.
Bukkekonto: 1895.05.21909 kr. 46269.
Ulf og Charlotte ringer banken i morgon og prøver å få nokre svar.

14. Tidspunkt og stad på årsmøtet:

- Årsmøtet 2015 krasjar med fostertelling, div. møter, skirenn, vinterferie mm. Bør neste år prøve å holde årsmøte første veka i februar.
 - må då ta kontakt med rekneskapsfører mtp. å ha ferdig rekneskapstala
 - Lokallaga må ha avholdt sine møter
- Ole Jakob foreslår Hovdemoen som fast årsmøtestad pga. sentral lokalisering.

13: Lite aktivitet i lokallaga. Enkelt fylkeslag er og svært passive.

14: Høyring av lagslovene. Har svart på §12 og §13.

- Forslag om at kun hovudmedlem skal ha stemmerett. Det er ingen grunn til å betale kontingent dersom ein ikkje har påverknadskraft.
- Bør støttemedlem få Norsk Sau og Geit?

15: Påmelding til årsmøtet:

21 lokallag. 10 møter i år.

16: Gjennomgang av avtale med Nortura ang. sekretærfunksjon.

17: Strategimøte Stortingssak rovdyr måndag 2 mars kl. 1800 på Skogmuseet i Elverum.